



# Nynorsk mediesenter

Status 01. 06. 2005

**Stolt nynorsk**

Dyktig

Frodig

Framfus



## To kull i arbeid og det tredje klart til opplæring

Det fyrste kullet med nynorskpraktikantar er i arbeid, det andre i praksis og det tredje klart til hausten. Det var 62 søkjarar til tredje kullet, og tre menn og to kvinner kom inn.

Den røynde mediemannen Geirmund Henjum er tilsett som ny faglærer for nynorskpraktikantane, og vender attende til NRK etter vel eitt år som informasjonssjef i Lotteritilsynet. – Eg gler meg til å vere med og lære opp nynorskbrukarar i media, seier Henjum.



Det tredje kullet med nynorskpraktikantar. Frå venstre: Håvard Hamnaberg, Karoline Kalstveit, Sølve Rydland, Marita Haugo og Gisle Forland.

Fyrste september byrjar det tredje kullet med nynorskpraktikantar, der er det tre menn og to kvinner: **Håvard Hamnaberg**, 27 år, frå Vågsøy i Sogn og Fjordane, **Karoline Kalstveit**, 21 år, frå Skjold i Rogaland, **Sølve Rydland**, frå Knarvik i Hordaland, **Marita Haugo**, 23 år, frå Nesbyen i Buskerud og **Gisle Forland**, 24 år, frå Mosjøen i Nordland.

- Det var mykje høgt utdanna folk som søkte, og i dette kullet har vi med både dei velutdanna og dei unge og ivrige, som berre *vil* bli journalistar. Dei har ulike dialektar, utdanning og ståstader i livet, og dette mangfaldet er det viktig å få inn i journalistikken, seier Magni Øvrebotten, leiar for Nynorsk mediesenter.

Det fjerde kullet, som skal starte ved nyttår, vert lyst ut i september.- Vi kunne glatt ha tilsett fleire kull utifrå den søkjarlista vi hadde no, men vi kan ikkje ta inn meir enn fem i gongen. Eg har oppmoda dei som verkeleg vil dette om å søkje på nytt til hausten, seier Øvrebotten.

## Kjekt i praksis

Dei fem jentene som vart det andre laget med nynorskpraktikantar er for tida i praksis i andre redaksjonar, etter fire månaders opplæring og praksis i Nynorsk mediesenter og redaksjonen til NRK Sogn og Fjordane.

Dei er ferdige 1.juli, og stortrivst i Nitimen/Reiseradioen, Dagsrevyen/ Dagsnytt, NRK Hordaland, P3 Nå/Parasoll og NRK i Telemark..



Ivar Aasen statuen omringa av jentene på Aasen-tunet. Frå venstre: Birte Njåsen Horne, Solveig Hareide, Janne-Marit Myklebust, Eli Vaage og Ingebjørg Bø

**Janne-Marit Myklebust**, 24 år, frå Ørsta : - Dei siste månadane har eg lært utruleg mykje om journalistikk, og om meg sjølv. Eg trur eg har blitt tøffare, flinkare og gladare av opphaldet mitt i Førde ! Det har vore slitsamt, vanskeleg og morosamt på same tid, og eg trur det har gjeve meg eit utruleg fortrinn når eg skal søkje på jobbar i framtida. No er det berre å stupe uti det, seier Myklebust, som er i praksis i NRK Hordaland.

Der har ho vaksjef **Charlotte Ervik** som fadder, og ho tykkjer praktikanten har ei fin evne til å vekse med oppgåvene, og ho har laga gode reportasjar som er sende både lokalt og på riksnettet.

Onsdag 25.mai var det tre innslag i NRK Dagsnytt kl 17.30 laga av nynorskpraktikantar. Janne - Marit Myklebust sitt innslag frå opninga av Festspela i Bergen, var eit av dei. Dei andre av Solveig Hareide og Inger Johanne Sæterbakk.



**Eli Vaage**, 20 år, frå Bjørsvik i Hordaland, fekk praksis i Dagsrevyen, men ho ynskte og å lære Dagsnytt betre å kjenne, så det vart ein månad i kvar av dei to redaksjonane. Ho starta i Dagsrevyen der ho har laga fleire saker.

Journalist/vaktsjef, **Ole Eivind Henden**, har vore fadderen hennar i Dagsrevyen, og han er viss på at med litt meir røynsle og sjølvkjensle vert Eli ein god nynorskjournalist i radio og fjernsyn. – Ho har laga fleire fine saker, og synt initiativ og journalistisk tenkesett frå fyrste stund, seier Henden.

**Ingebjørg Bø**, 28 år, frå Bø i Telemark, reiste til heimfylket for praksis på distriktskontoret i Porsgrunn. Ho stortrivst med kjende stader og saker: – Som nynorskpraktikant går ein frå blanke ark til å bli radio- og tv-reporter på seks månader. Det er intensivt, men svært lærerikt. Ein lærer meir der enn kva ein gjer med mange års studium, seier Bø, som har hovudfag i kulturstudiar.

**Heidi Pleym** er redaksjonssjef i NRK i Telemark og seier dette om Ingebjørg Bø: - Det oppleves veldig positivt i redaksjonen å få inn et friskt pust utenfra. Det er tydelig at Ingebjørg har fått et godt grunnlag fra mediesenteret. Vi slipper å bruke tid på opplæring i teknisk utstyr, og hun kjenner tankegangen til nyhetsskolen i NRK. En fin mulighet for oss til å rekruttere flinke folk som er lokale og snakker nynorsk.

**Birte Njåsen Horne**, 20 år, frå Florø i Sogn og Fjordane, er i praksis i Nitimen/ Reiseradioen, der ho har fått vore på direkten og laga saker det ho har lysta. - Det er herleg å få vere ein del av ein så kreativ redaksjon, seier Birte Njåsen Horne. Frå 1.juli skal ho vere både sommarvikar i distriktssendinga og reporter for Reiseradioen i Sogn og Fjordane.

**Solveig Hareide**, 22 år, også ho frå Florø, er i praksis i P3 NÅ, og har fått sommarjobb som programleiar for chatteprogrammet Parasoll på NRK2, som vert sendt frå Trondheim. Der skal ho vere til 1.august. - Å jobbe med ungdomstema er strålande! Må innrømme at eg var litt lei av å dekke fiskeindustrien i Sogn og Fjordane, seier Solveig Hareide.



**Tone Donald** er redaksjonssjef for P3Nå:

- Vi har hatt to nynorskpraktikanter hos oss, og begge har vært et velkomment tilskudd til redaksjonen. De har glidd fint inn i redaksjonen og vært raske til å ta nye utfordringer. De er unge, og med den korte og intense innføringen de har hatt i journalistikk, har de imponert med sitt engasjement. De har hatt en annen innfallsvinkel og originalitet til journalistikken enn andre studenter på praksis har. Vi er godt fornøyde med samarbeidet!



## Alle i arbeid

Dei fem fyrste nynorskpraktikantane som byrja i fjor haust var ferdige i Nynorsk mediesenter i februar, og alle er i arbeid.



Det fyrste kullet, frå venstre: Svein Ove Hansli, Eli Bjelland, Maria Rivedal, Knut Åge Teigen og Inger Johanne Sæterbakk

**Maria Rivedal**, 24 år, har arbeidd i P3Nå i Trondheim etter at ho var ferdig med praksisen sin der. Ho er ein av dei faste som les nyhenda i P3Nå.

**Svein Ove Hansli**, 28 år, er journalist i NRK Sogn og Fjordane, og får prøve alt eit distriktskontor kan by på, innan både radio og fjernsyn.



**Eli Bjelland**, 24 år : - Eg fekk vikariat i NRK Hordaland etter praktikanttida, og årsaka er eine og åleine den allsidige og praksisretta opplæringa eg fekk ved Nynorsk mediesenter. Det er fyrst og fremst ”poteter” distriktskontora er ute etter, og det er nett det eg er. Ei potet som kan brukast til både radio -, tv - og nettjobbing. Eg ynskjer å jobba på distriktskontor for å få kjøt på det grunnlaget som vart lagt ved Nynorsk mediesenter.

**Knut Åge Teigen**, 34 år, er tilsett i videoselskapet Snøball som lagar undervisnings- og informasjonsfilmar og i GAN forlaget i Oslo. Men i sommar har han late seg lokke til å vere sommarvikar i NRK Møre og Romsdal, der dei var så nógde med han som praktikant.

**Pål Karlsen** i Snøball seier at dei tilsette Teigen fordi han kan både pedagogikk, formidling, tekst og bilete. – Vi liker også godt at Knut Åge skriver nynorsk og ser på det som en komplettering av våre produkter, seier Karlsen.

**Inger Johanne Sæterbakk**, 24 år, var i praksis i Norgesglasset og forelska seg svært i den radiosjangeren. Ho har vore frilansar der og i NRK Trøndelag etterpå.



- I konkurranse med et hundretalls søkere fikk hun sommerjobb i Norgesglasset. Det sier mye om vår vurdering av jenta, seier vaksjef **Bjørn Johan Jacobsen**

– Inger Johanne kom til oss med en manglende redsel for det ukjente som er sjelden. Trygg, rett fram, lydhør og undrende. Hun har et stort og friskt potensiale som jeg tror både vi og hun kan være tjent med å ha hos oss. Vi ser ikke bort ifra at jenta har gått en god skole som ikke har grilla vekk den humørfylte og uvørne jenta som vi ønsker å videreutvile til å bli en god ”glassblåser”, seier Jacobsen.

## - Nyttige medarbeidarar på kort tid

Opplæringa av nynorskpraktikantane skjer i nært samarbeid mellom Nynorsk mediesenter og redaksjonen til NRK Sogn og Fjordane, der dei får lære-med-å-gjere-det dei har fått litt teori om i starten. Både lærarane i Nynorsk mediesenter og i redaksjonen er aktive journalistar.



**Rolf Sanne-Gundersen** er redaksjonssjef i NRK Sogn og Fjordane og vurderar stoda slik etter to kull med nynorskpraktikantar :

- Dei nynorskpraktikantane vi har hatt i redaksjonen vår har vore til stor nytte. Velutdanna praktikantar med engasjement og vilje til å lære journalistikk er ein god kombinasjon for å lukkast. Vi har erfart at dei blir nyttige medarbeidarar i løpet av kort tid. Det skuldast også tett oppfølging av mediesenteret i den første praksisperioden. To av praktikantane har allereie fått jobb i redaksjonen vår som journalist og sommarvikar.

## Geirmund Henjum ny lærar



1.august byrjar Geirmund Henjum som faglærar i Nynorsk mediesenter. Han har siste 1,5 året vore informasjonssjef i Lotteritilsynet, men sakna lukta av sagrubb for mykje til å bli verande. – Det er journalistikken som er livet for meg, seier Geirmund Henjum.

Han har vore journalist i NRK Sogn og Fjordane sidan 1983, og frå 1992 var han i mange år vaksjef for distriktsfjernsynssendinga Vestlandsrevyen i Førde.

Henjum har såleis vore ein del av den "skulen" som NRK Sogn og Fjordane

lenge har vore i opplæring av nynorskbrukande journalistar, og han likar å lære ungdom journalistikk og godt språk. Han er oppteken av det aktive og levande språket, og i Sogn og Fjordane er han kjend som ein av dei to karane bak "Fjogningane", saman med distriktsredaktør Kai Aage Pedersen.

Geirmund Henjum tek over etter Synnøve Hole, som etter to kull med nynorskpraktikantar ville heimatt til Ålesund. Men dama har fått slik smak på undervising at ho har takka ja til å undervise i fjernsynsjournalistikk på deltid ved høgskulen i Volda.

**Randi Indrebø** byrja som faglærar ved Nynorsk mediesenter ved nyttår, og held fram med det fordi :

- Det er så utruleg moro. Eg hadde aldri trudd at det var så kjekt å lære ungdom journalistikk og fjernsyn. Det artige er at eg lærer mykje sjølv òg, fordi eg stadig må sette meg inn i nye ting, som eg ikkje hadde kome borti som fotograf.



**Gjesteforelesarar** brukar vi framleis om ulike emne innan journalistikk, media nynorsk og språkhistorie. På lista over dei som har vore her står mellom andre humoristen Are Kalvø, nynorskkonsulent i NRK Jon Peder Vestad, 1.amanuensis Jan Olav Fretland, TV2-journalist Morten Sandøy, Kanal24-journalistane Ingunn Solheim og Håvard Kleppa, NRK-journalist Linda Eide, høgskulelektor Audgunn Oltedal, Journalisthøgskulen i Oslo og journalistveteranen Åshild Ulstrup, osv.

Det er og lagt inn besøk ved ulike avdelingar på NRK Marienlyst, Aasentunet, Det Norske Samlaget og Det Norske Teatret. Styrevedtaket om Nynorsk mediesenter seier at "det skal ivareta de særlige oppgavene som Førde har i forhold til nynorsk språk og kultur". Det inneber at praktikantane må få ein "høgare himmel" over nynorsken, seier Magni Øvrebotten.



Magni Øvrebotten og Inge Kjell Holme driv medietrening på Tussa Kraft i Ørsta.

## Kurstilbudet "Munn og mæle"

Kursverksemda er den kommersielle delen av Nynorsk mediesenter, som skal skaffe oss inntekter til drifta av senteret. Løyvingane frå NRK skal *ikkje* brukast til kursverksemd.

Vi tilbyr kurs i språk, medietrening, formidling og Internett. Kursa vert marknadsførde under omgrepet "Munn og mæle", og tilbudet vert bygt ut stegvis etter kapasitet og etterspørsel. Vi held kursa i Førde eller der oppdragsgjevaren ynskjer å ha dei.

Gjennom "Munn og mæle" vil vi gje kursdeltakarane kunnskap og trening i media og dialekt/nynorsk, i von om at det gjer dei trygge og frimodige nok til å våge seg frampå i samfunnsdebatten, som vert meir og meir styrd av media.

## Oversikt over kurs vi har halde:

### Tussa kraft – to kurs

I mai/juni 2005 har Nynorsk mediesenter to kurs for Tussa kraft i Ørsta.

Det er ti deltakarar på kvart kurs, det eine i medietrening det andre i formidling.

Journalist/medielærer Inge Kjell **Holme** og Magni Øvrebotten hadde kurset i medietrening 25. mai. Tilbakemeldingane var gode, dette er ein av dei :

*- Svært bra kurs som tok utgangspunkt i reelle problemstillingar. Kurshaldarane var fagleg dyktige, kunne gje konkrete svar og råd. Vi treng meir slik trening. Bør bli årlege kurs i medietrening .*

1.juni skal banksjef/tidlegare NRK-journalist/leiar Arve **Sandal** og Magni Øvrebotten ha kurs i formidling med Tusa kraft.





## Mattilsynet

Faglærer Randi **Indrebø** og Magni Øvrebotten hadde tidlegare i år eit dagskurs med tre leiarar i Mattilsynet i Sogn og Fjordane. Tilbakemeldinga var :



*-Vi er svært godt nøgde med kurset, og meiner at utbyte var stort. Kursleiarane var engasjerte og dyktige. Dei var flinke til å skape tillit og trygge omgjevnader. Dette er viktig for at kursdeltakarane skal kunne by på seg sjølv, og ha best mogeleg utbyte av kurset. Dette var spennande og lærerrikt.*

## Senterpartiet hovudorganisasjon

inviterte leiaren for Nynorsk mediesenter, Magni Øvrebotten,



til å vere med å vurdere listetoppene si evne til å nå fram til folk, på eit to dagars kurs i februar. 20 listetoppar/leiaren for Senterungdommen snakka om gjevne emne, og tilbakemeldinga skulle skje på sparket av ein ekspert på emnet og Øvrebotten. Tilbakemeldinga frå generalsekretær Dagfinn Sundsbø var :

*- De jeg har snakket med følte at de fikk god og praktisk hjelp gjennom ditt innlegg om formidling og kommentarene du ga etter hvert innlegg. Førstekandidatene på stortingslistene har svært variert bakgrunn. Noen er erfarne stortingsrepresentanter, mens andre er nye og usikre på utfordringene som venter dem. Jeg synst du balanserte de hensyn som bør tas til ulike bakgrunn på en god måte. Du ga konkrete tilbakemeldinger og praktiske råd. Vi kan komme til å spørre deg igjen ved senere anledninger.*

## Fylkesmannen i Sogn og Fjordane:

I 2004 hadde Nynorsk mediesenter to kurs for tilsette hjå fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Eitt om skriving for Internett, det andre i medietrening. Det var tolv deltakarar på baa kursa. Magni Øvrebotten hadde nettkurset "Kva kan de lære av tabloidane?" åleine, og mediekurset saman med Inge Kjell Holme. Slik var tilbakemeldinga frå kursansvarleg Endre Frimannslund:



*- Eg vil takke Nynorsk mediesenter for lærerrikt kurs i medietrening. Kursleiarane viste stor kunnskap om media og formidla desse på ein god måte. Intervjua med kvar deltakar, saman med den felles gjennomgangen, gjorde oss trygge på korleis vi kan stå fram i media.*

Nettkurset var halde før vi byrja be om skriftlege tilbakemeldingar. Som ein **kuriositet** kan vi nemne at Noreg.no i fjor kåra nettsidene til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane til å vere blant dei beste offentlege nettsidene i landet. Kjelde: Sogn Avis 18. 01.05)

## ”Stolt nynorsk”

er visjonen til Nynorsk mediesenter. Vi skal medverke til at nynorskfolk vert stolte og glade i dialekten og språket sitt.

Gode nynorskbrukarar i radio, fjernsyn og på Internett gjer oss stolte av språket vårt og røtene våre. Vi skal ale opp fleire gode nynorskbrukande føredøme i etermedia. Det finst ikkje meir eigna kanalar for spreieing av nynorsk identitet og språkleg godtaking enn radio og fjernsyn.



Nynorsk mediesenter skal og medverke til at nynorskbrukarar flest blir trygge nok til å bruke språket sitt, og såleis auke det språklege og kulturelle mangfaldet i medie - og samfunnsdebatten.

Bilete er frå opninga av Nynorsk mediesenter 2.sept. 2004. Frå venstre : Inger Johanne Sæterbakk, Svein Ove Hansli, Knut Åge Teigen, Eli Bjelland og Maria Rivedal. Bak dei står kulturminister Valgerd Svarstad Haugland, som opna senteret, og leiaren Magni Øvrebotten. (Foto: Hans T. Wiig, NRK)

## ”Dyktig - frodig – framfus”

Dette er dei verdiane Nynorsk mediesenter byggjer på. Dei skal seie noko om kva vi vil vere, og kva som skal prege både dei som arbeider her og dei som får opplæringa si ved senteret.

Det skal vere *kvalitet* i alle ledd, slik at **dyktig** vert omdømet til Nynorsk mediesenter.

Nynorsk er meir enn eit språk; det er ein identitet, ein kultur og ei historie. Ein trygg språkleg og kulturell ståstad er viktig for å vere open for nye impulsar, og for å ta sjølvstendige val. Nynorsk språk og kultur har ein **frodig** tradisjon som Nynorsk mediesenter skal byggje vidare på for å gje nynorsken innpass på nye område.



Journalist og humorist Linda Eide kåserte om livet som nynorskjournalist på opninga.

Nynorskbrukaren må vere *dyktig* for at språket ikkje skal bli brukt mot han. Difor nyttar det ikkje å stå med hua i handa, ein må vere litt **framfus** i den positive tydinga av ordet. Våge å merke seg ut, stå for noko og vere noko.

## Løvetanna

er bumerket til Nynorsk mediesenter. Det er grafisk designar Eva Hallaren som har laga det, og heile design-programmet til senteret. Ho arbeider i Gasta reklamebyrå i Sogndal, som er eitt av dei få reklamebyråa i landet som nyttar nynorsk.



Slike statusrapportar som dette lagar vi tre-fire av i året. Vi sender dei til ulike avdelingar og leiinga i NRK, til redaksjonar som tek mot praktikantar i praksis, journalistar, politikarar og andre som spør etter korleis det går med oss. Ynskjer du kontakt, sjå adresser og telefonnummer nedanfor.

**POSTADRESSE:**

Nynorsk mediesenter  
Postboks 100  
6801 Førde

**BESØKSADRESSE:**

Nynorsk mediesenter  
NRK Sogn og Fjordane  
Prestebøen 2  
6800 Førde

**TELEFON:**

Leiar : 57 72 42 30  
Faglærarar : 57 72 42 74  
Sentralbord: 57 72 42 42  
Telefaks: 57 72 42 75

**E-POST:**

[nynorskmediesenter@nrk.no](mailto:nynorskmediesenter@nrk.no)

**NETT:**

[www.nynorskmediesenter.no](http://www.nynorskmediesenter.no)

